

Grunngitt spørsmål til ordføraren i kommunestyremøtet 21062018

Ordførar!

Førebyggande arbeid er noko av det viktigaste og mest lønsame ein kommune kan drive med.

Vi lever i ei tid der mange born og unge slit med ulike problem, og der foreldre ofte er usikre på korleis dei skal handtere det. I tillegg til anna viktig førebyggande arbeid som vert gjort i Volda kommune, har vi ei 50 % stilling som familierettleiar, organisatorisk lagt til helsestasjonen.

Familierettleiaaren har ein viktig funksjon som lågterskeltilbod for born/ungdom mellom 0 og 24 år og familiene deira. Familierettleiaaren tek tak i utfordringar knytt til det psykososiale miljøet. Ein samarbeider tett med andre fagpersonar som helsesøstre og kommunepsykolog om etablering av gode rutiner for kartlegging/avdekking av psykososiale vanskar, og om hjelp til å meistre desse.

Dette har blitt ei godt innarbeidd teneste som stadig fleire nyttar seg av.

Denne 50 % stillinga er finansiert gjennom styrkingsmidlar som vert søkt om to gonger i året. Dette gjev lite føreseielege arbeidsforhold for den som har stillinga, og usikkerheit om kor lenge stillinga vil vere der. I neste omgang kan dette gå ut over stabiliteten i tilboden for dei som sårt treng dette.

Spørsmålet mitt til ordføraren er:

Kva vil ordføraren gjere for å sikre meir føreseieleg og stabil finansiering av denne stillinga?

Åshild Vik,

Kommunestyrerepresentant Volda SV